



Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

Vår dato:

23.01.02019

Vår ref:

2018/11881

Dykkar dato:

28.12.2018

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Geir Skadberg, 51 56 89 92

## Uttale til høyring om forslag til lov om forbod mot hald av pelsdyr og forslag til ordning for økonomisk kompensasjon til pelsdyroppdrettarane

Fylkesmannen viser til utsendt høyring frå Landbruks- og matdepartementet 22.11.2018 om «forslag til lov om forbod mot hald av pelsdyr og forslag til ordning for økonomisk kompensasjon til pelsdyroppdrettarane».

### Først nokre fakta om pelsdyrnæringa i Rogaland i 2017:

	Antall	
	Mink	Rev
Oppdrettarar	56	4
Dyr	87 518	685
Middel besetningsstorleik*	1563	171

\* 53 oppdrettarar har berre mink, 3 har kombinasjon mink/rev og 1 oppdrettar har berre rev.

Vel 60 % av norsk minkproduksjon og 2 % av reveproduksjon skjer i Rogaland. Middel besetningsstorleik for minkproduksjon i Rogaland er vel 30 % høgare enn middel for landet. Av dei 57 pelsdyroppdrettarane i Rogaland har 26 også andre husdyrproduksjonar på garden. 12 av desse har mjølkeproduksjon, medan dei andre driv med pelsdyr i kombinasjon med anten gris, slaktekylling, storfekjøt, egg eller veksthus.

31 pelsdyroppdrettarar, tilsvarende 54 %, har ikkje tilleggsproduksjon.

Oppdrettarane i Rogaland er i snitt 45 år, medan snittet for landet er 50 år (kjelde; «Samfunnsøkonomisk analyse – rapport 10-18», tinga av Norges Pelsdyralslag) .



NIBIO sin verdiskapingsrapport for landbruket i Rogaland for 2014 viste at pelsdyr-oppdrettarane i Rogaland samla stod for ei årleg verdiskaping på vel 112 millionar kroner og omfatta 143 årsverk. I perioden 2014 – 2017 har det vore ein nedgang innan minkproduksjon, med 19 % færre dyr og 15 % færre oppdrettarar. Sysselsettinga på vel 20 årsverk og verdiskapinga hos Rogaland pelsdyrførlag er også viktig. I tillegg kjem dei indirekte verknadane.

### **Fylkesmannen i Rogaland har følgjande merknader til høyringa:**

#### Forslag til lov om forbod

Til NOU 2014:15 *Norsk pelsdyrhold – berekraftig utvikling eller styrt avvikling*, uttalte me tru på ei framtidig berekraftig pelsdyrnæringa i Norge. Me er av same mening i dag, men legg til grunn at det er rettsleg grunnlag for forbod mot hald av pelsdyr.

#### Forslag til økonomisk kompensasjonsordning

##### *Moralsk og prinsipielt*

Me meiner at det på moralsk grunnlag er heilt riktig å gi økonomisk kompensasjon for tapet av retten til å drive pelsdyroppdrett. Ordninga må som eit minimum, utformast slik at oppdrettarane ikkje sit att med restgeld knytt til pelsdyrdrifta. Vidare må ordninga kompensere kostnadene knytt til sjølve avviklinga og ryddinga etter drifta. Når det gjeld omstillingspakke, øyremerka omstilling til anna landbruksverksemd på garden, så er me einige i forslaget om ein budsjettpost forvalta av Innovasjon Norge (IN).

Landbruks- og matdepartementet legg stor vekt på Menon Economics sin rapport frå mars 2016 om dei samfunnsøkonomiske konsekvensane og oppdrettarane sine tap ved eit forbod. Høyingsdokumentet er tydeleg på at det er stor grad av usikkerheit knytt til Menon sine konklusjonar. Me viser også til dei utgreiingane Samfunnsøkonomisk analyse og Oslo Economics har utført for Norsk Pelsdyralslag. Utan å gå i detalj, så viser desse utgreiingane radikalt andre konklusjonar enn det Menon kom fram til, og det LMD har som forslag til økonomisk kompensasjon. Meir om dette i neste punkt.

##### *Elementa i ordninga*

Forslag til kompensasjonsordning omfattar eit samla beløp til kompensasjon, opprydding og omstilling på inntil 365 mill. kr. Det største beløpet på 265 millionar kroner er kompensasjon for den «ikkje-realiserbare kapitalbeholdninga» (avskrivingsgrunnlaget), som er investeringar knytt til pelsdyrhus og anna utstyr som ikkje kan nyttast til anna enn pelsdyroppdrett. Beløpet blir mindre dess fleire som ventar med å avvikle fram mot 2025.



Vi meiner:

- Kompensasjonsordninga må utformast slik at den gir farmarane høve til å avvikle drifta raskt. Forslaget til kompenasjonen er for lågt og det blir i for liten grad tatt utgangspunkt i det enkelte pelsdyrføretakets faktiske situasjon.
- Ordninga omfattar ikkje tap av framtidig inntekt. Ei forlenging av avviklingsperioden ut over 2025 kan gi ein betre økonomisk «utgang» for nokre farmarar. Middel alder på farmarane i dag er 55 år (45 år i Rogaland) og ein lenger avviklingsperiode vil kunne dempe dei økonomiske konsekvensane for farmarane. Ei forlenging kan også gi nokre farmarar betre tid til omstilling for alternativ bruk av sine ressursar.
- Usikkerheita i analysane som ligg til grunn for forslaga, er for stor. Det er tid nok til å ta individuelle vurderingar, slik at vi får opp eit reelt faktagrunnlag. Ei kartlegging av stoda hos den enkelte farmar bør kunne gjennomførast innan relativt kort tid. Det viktigaste å få kartlagt er gjeldssituasjon og kostnadsknytt til opprydding.
- Ordninga må utformast slik at oppdrettarane ikkje sit att med restgeld knytt til pelsdyrføretaket.
- Det må bli kompensert for reelle avviklingskostnadar.
- Omstillings- og utviklingsdelen av ordninga må vere slik innretta at den reelt sett er utløysande for ny landbruksbasert næringsverksemd. Det er viktig at dette arbeidet også inkluderer bedriftsutvikling med ekstra vekt på utvikling av gode forretningsmodellar. Det vil vere riktig at arbeidet blir følgt opp over ein 3-års periode t.d. gjennom rettleiing ved verkemiddelapparatet, gjerne gjennom ei eiga definert satsing. Omstilling gjennom utdanning bør også vurderast.

#### *Gjennomfør individuell kartlegging no*

Det er i dag i underkant av 200 peldyroppdrettarar i Norge. Vi meiner at det er tid til å gjennomføre ei individuell kartlegging av stoda hos kvar einskild farmar. Gjennomføringa av kartlegginga bør leggast til det offentlege, t.d. NIBIO og IN. At IN gjer ein del av arbeidet, vil også gi eit betre grunnlag for omstillings- og utviklingsarbeidet. Kartlegginga vil gi eit betre beslutningsgrunnlag for ei kompensasjonsordning enn dei utgreiingane høyringa bygger på.

Vi bidreg gjerne i ein dialog mot næringa i det vidare arbeidet med kompensasjonsordninga.

Med helsing

Harald Thune  
ass. fylkesmann

Geir Skadberg  
landbruksdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

Rogaland Bondelag Postboks 278 4002 Stavanger

Rogaland Bonde- og  
Småbrukarlag  
Norges pelsdyralslag Økern Torgvei 0580 OSLO  
13

Rogaland  
pelsdyralslag